

Eldrid Digernes

Når vi studerer sosialt liv, studerer vi også oss sjølve



HØGSKULEN I VOLDA



**MØREFORSKING
VOLDA**

2004

Forfatter	Eldrid Digernes
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Bente Lien
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Essay til valfritt PhD-kurs ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen:
Det kvalitative forskingsintervju v/ Steinar Kvale.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Forskingstilnærming

Vitskapen startar aldri med blanke ark. Den er ikkje rein i den forstand at den er fri for oppfatningar som går føreåt for den vitskaplege forskinga. Den kompetansen eg som forskar er berar av, er på same måten som praksislærars kompetanse, prega av ein konkret kontekst, sosialt og kulturelt. Eg kan ikkje hindre eigne kulturelle verdiar og etiske vurderingar å trengje inn i forskingsprosessen på ein fundamental måte. Ein samfunnsforskar er lokalisert i ein partikulær sosial og kulturell kontekst og ein må vurdere kva implikasjonar dette har for forskinga. Eg må derfor vurdere korleis min posisjon i samfunnet og i den institusjonen eg arbeider i, verkar inn på måten eg produserer samfunnsvitskapleg kunnskap på, det er derfor nødvendig å spørje i kor stor grad eigne verdiar, eigen identitet og eigne oppfatningar spelar med når eg utviklar begrep, formulerer argument og samlar empiriske data. (Mark J. Smith 1998).

Når vi studerer sosialt liv studerer vi også oss sjølve. Eg er derfor både subjekt og objekt i min eigen forskingsprosess. Desse problema blir enno meir akutte når vi studerer ein institusjon vi er ein del av og har eit nært forhold til. Mitt utgangspunkt er denne erkjenninga av å vere situert i ein sosial og historisk kontekst i ein bestemt institusjon . I denne institusjonen har eg arbeidd både som praksisrettleiar og som pedagogikk lærar i allmennlærerutdanninga og yrkesfagleg rettleiing inngår i fagfeltet mitt.

Observasjonane eg gjer av rettleiing i praksisopplæringa spring ut av noko som interesserer meg. Dette inneber at observasjonane er selektive og utveljande. Karl Popper har uttrykt dette på ein interessant måte, når han seier at ”vi lever i sentrum av ein forventningshorisont” (Popper 1981). Vi er sosialt lokaliserte og dette påverkar kva vi ser og kva vi legg merke til. Forventningshorisonten fungerer som ei referanseramme som bestemmer kva vi rettar merksemda og interessa mot. Hypotesane eller teoriane våre, enten dei er av vitskapleg eller førvitskapleg art, er førar og guide i observasjonsprosessen. I mi erkjenning inngår at eg som forskar lever i sentrum av ein forventningshorisont. Forventningshorisonten blir prega av dei kunnskapsformene vi tek del i gjennom våre personlege erfaringar i konkrete kulturar og institusjonar. Meiningsfulle fenomen er berre forståelege i den konteksten dei framstår i, konteksten gir derfor dei nøklane ein må ha for å forstå dei.

Vi ser at vi her omtalar grunnleggande premissar også i hermeneutikken. I følgje Nils Gilje og Harald Grimen kallar Hans-Georg Gadamer slike føresetnader vi forstår på grunnlag av, for forforståing eller fordommar. Forforståing er eit nødvendig vilkår for at forståing i det heile tatt skal vere mulig. Som komponentar i begrepet forforståing inngår språk og begrep, mange forskjellige typar trusoppfatningar og forestillingar og personlege erfaringar. Vidare er forforståinga holistisk, den kan reviderast og den består av både artikulerte og ikkje-artikulerte kunnskap. Forforståinga verkar styrande på vår tolking av meiningsfulle fenomen, slik vi også såg det framstilt hos Popper. Både tekster, språklege uttrykk og menneskelege handlingar uttrykker meining eller har ei betydning. Karakteristisk for meiningsfulle fenomen, er at dei må tolkast for at ein skal kunne forstå dei. Tolkinger er derfor noko vi som sosiale aktørar driv med heile tida, det er noko vi må gjere for å kunne samhandle med andre sosiale aktørar (Gilje og Grimen 1995).

Eit viktig trekk ved ein forventningshorisont er at det fins noko meir bortanfor den. Nye erfaringar og nye perspektiv kan endre forventningshorisonten. Eg har opplevd dette i arbeidet med prosjektet, at forventningar og perspektiv har endra seg. Dette skjer gjennom møte med praksislærarar, gjennom observasjon og intervju, gjennom teoretiske studiar og eiga skriving. Å vere i forskarrolla i eit kjent sosialt landskap gir meg andre erfaringar og perspektiv enn den tidlegare rolla som praksislærar og den noverande rolla som pedagogikk-lærar. Rollene formar både erfaringane våre og dei tolkingane vi gjer av erfaringane. Dei ulike rollene gir ulike perspektiv på det sosiale landskapet. Grensene mellom erfaring og tolking er etter denne erkjenninga på ingen måte fastlagde og klare. Dei to fasane går over i kvarandre, samtidig som eg samlar data er eg i gang med tolkingsarbeidet. Eg kan ikkje sette eit klart skilje mellom den samanheng der eg samlar inn data til prosjektet og den samanheng der eg bearbeider, tolkar og skriv ned mine refleksjonar og vurderingar av det eg har observert.

Gilje og Grimen viser til Anthony Giddens som seier at ein i samfunnsforskninga byggjer på ein *dobbel hermeneutikk*. På den eine sida må ein forhalde seg til ei verd som allereie er fortolka av dei sosiale aktørane sjølv: ”*Samfunnsforskere må med andre ord forholde seg til en verden som allerede er fortolket av de sosiale aktørene selv*” (Gilje og Grimen 1995:145). I tillegg må samfunnsforskaren gå ut over dei sosiale aktørane sine sjølvoppfatningar. Forsking som berre gjengir dei sosiale aktørane sine oppfatningar har lite å bidra med til utviklinga på det aktuelle feltet ein forskar på (Gilje og Grimen 1995).

Metode

Aarø (2003) skil mellom ex-post-facto-undersøkingar og eksperiment i samfunnsforskninga. I ex-post-facto-undersøkingar studerer ein verda utan å gripe inn for å skape endringar.

Forskninga er basert på den kunnskap ein har om noko etter at det har funne stad (ex-post facto: ut frå det ein veit etter på) (Kunnskapsforlaget 1989).

”Ex-post-facto-undersøkelser innebærer at en studerer verden slik den er uten å gripe inn på noen bestemt og planlagt måte for å skape systematiske endringer. I praksis er det vel umulig å gjennomføre forskning uten at en på en eller annen måte griper inn i virkeligheten til den en forsker iblant og dermed representerer en kilde til endring. Poenget er bare at dette er endringer som oppstår uten at de er resultat av en bevisst plan og en systematisk påvirkning medtanke på å skape bestemte effekter” (Aarø 2004:3).

Innanfor ex-post-facto-undersøkingar skil han mellom survey og feltundersøkingar. Det som først og fremst skil desse frå kvarandre er korleis informantane blir valde ut. Ei feltundersøking inneber ei intensiv gransking innanfor eit avgrensa sosialt system som for eksempel eit lokalsamfunn, ein arbeidsplass, ei skuleklasse eller liknande. I feltundersøkingar er det også vanleg med heilt andre framgangsmåtar for innsamling av data enn i survey. Som eksempel er deltakande observasjon, kvalitative intervju eller bruk av video aktuelle tilnærmingar i feltundersøkingar (Aarø 2004: 4).

Ein feltforskar deltar (anten ope eller skjult) i folks daglegliv over ei lenger periode. Han observerer det som skjer, høyrer på kva som blir sagt, stiller spørsmål – han samlar med andre ord dei data som er tilgjengelege og som vil kaste lys over dei problema som forskninga tar opp. Etnografien utnyttar den evna ein kvar sosial aktør har til å lære å kjenne nye kulturar, metoden er derfor svært lik den metoden vi orienterer oss på i dagleglivet. Ønsket om å avdekke universelle lover er nedtona til fordel for detaljerte skildringar av konkrete livserfaringar i ein bestemt kultur og av dei oppfatningane og sosiale reglane som styrer dei. Etnografisk forskning har hovudsakleg vore opptatt av å beskrive og forklare spesielle fenomen. Mark J. Smith beskriv etnografiske forskningsteknikkar, som for eksempel djupneintervju og deltakande observasjon, som forsøk på å rekonstruere sosialt liv på ein så truverdig måte som mulig: ”to reconstruct social life in a way that was as true to life as possible” (Smith 1998:165).

Eg har valt deltakande observasjon og intervju som metodar i prosjektet. Denne kombinasjonen kan ha sine fordelar; data frå den eine metoden kan brukast til å belyse data frå den andre. Forskjellen mellom deltakande observasjon og intervju er ikkje så stor som det av og til blir hevda. I begge tilfelle må vi ta omsyn til konteksten og forskarens påverknad. Der er også andre likskapar. Både den deltakande observatøren og intervjuaren bør etablere eit forhold til sine forskingsobjekt (Hammerley og Atkinson 1996).

Den største forskjellen mellom måten feltforskarar og intervjuarar i spørjeundersøkingar stiller spørsmåla sine på, er ikkje, som det ofte blir hevda, at den eine forma er ”strukturert” og den andre er ”ustrukturert”. Alle intervju, som andre former for sosial interaksjon, blir strukturert både av forskaren og informanten. Det viktige skiljet går mellom standardiserte og refleksive intervju. Etnografen bestemmer ikkje alltid på førehand kva ein vil spørje om, og ein stiller ikkje identiske spørsmål til alle intervjuobjekta, sjølv om ein har med seg ei liste over tema som skal dekkast. Etnografiske intervju har meir til felles med samtalar enn spørjeundersøkingar. Men dei er aldri reine samtalar, sidan forskaren har ein forskingsplan og må ha ein viss kontroll over situasjonen. Etnografiske intervju kan innehalde så vel leiande som ikkje-leiande spørsmål. Ofte ønskjer ein å teste ei hypotese som har oppstått under analysinga, og då krevs kanskje ganske leiande og spesifikke spørsmål. Men svara kan sjølvstøtt vere villeiande. (Hammersley og Atkinson 1996).

Intervjua eg gjennomførte var strukturert etter tre hovudtema, men innanfor kvart hovudtema var det rom for fri samtale i tillegg til dei planlagde spørsmåla. Dette gir meg grunn til å definere intervjua som halvstruktureerte og refleksive (Hammersley og Atkinson 1996).

Analyse av intervju

Utfordringa i prosjektet på det noverande tidspunktet er analysen av datamaterialet. I dette essayet fokuserer eg på utfordringar i analysen av dei fire intervjua. Seinare må eg vurdere korleis eg brukar data frå den deltakande observasjonen.

Steinar Kvale (2001) skil mellom fem analysemetodar for intervjuforskninga. For mitt prosjekt ser eg metoden *meningsstrukturering gjennom narrativ* som interessant. I intervjua har eg lagt vekt på å få fram informantane sine situasjonsskildringar. Dei tre hovudspørsmåla i intervjuet vil vise at eg er opptatt av praksislærar sine konkrete erfaringar i ein livsverd-samanheng:

- a) Har du vore i ein situasjon der du var meister, dvs. der du på vegne av yrkesfellesskapet hadde kompetanse som studenten måtte få kjennskap til?
- b) Har du vore i ein situasjon der du overlet til studentane å utvikle og prøve ut egne idear og løysingar i undervisningssituasjonen?
- c) Har du vore i ein situasjon der du ikkje heilt visste kva rettleiingsmodell du brukte?

Kvale seier at

”En intervjuanalyse kan betraktes som en slags fortelling, en fortsettelse av historien intervjupersonen fortalte. En narrativ analyse av det som ble sagt fører til at en ny historie blir fortalt, en historie som videreutvikler temaene i det opprinnelige intervjuet. Analysen kan også være en fortetting eller en rekonstruksjon av de mange småfortellingene de ulike intervjupersonene har bidratt med. Resultatet blir da en rikere, tettere og mer sammenhengende historie enn intervjupersonenes egne sprikende historier”
(Kvale 2001:131)

Praksislærarane sine historier vil vere interessante bidrag til min eigen refleksjon om læring i praksis. Eg har som målsetjing i prosjektet å bruke historiene i ei større forteljing om læring der eg reflekterer over praksisrettleiing i forhold til dei to modellane meisterlære/deltaking i yrkesfellesskapet og handling og refleksjonsmodellen. Teori om meisterlære og handling og refleksjonsmodellen vil inngå i analysen.

Den narrative tilnærminga vil, slik eg ser det, ta på alvor at fenomenene vi studerer blir forståeleg berre ut frå den sosiale og kulturelle konteksten dei framtrer i. Aktørane i forskingsprosessen lever i sentrum av ein forventningshorisont. Narrativa tar dette på alvor, dette er ei forteljing frå mi eller vår livsverd. Med referanse til Habermas uttrykker Jon Olav Henriksen det slik: ”I den kommunikative hverdagspraksis møter deltagerne hverandre gjennom *narrative fremstillinger av begivenheter*. Derfor er *fortellingen* en spesiell kommunikasjonsform som tjener beskrivelsen av sosiokulturelle hendelser og gjenstander.”
(Henriksen 1997:38).

Utfordringa i analysen er å gå ut over informantane sine sjølvopfatningar for å bidra med noko meir enn informantane sine enkeltståande historier. I denne analyseprosessen opplever eg at eg som person blir sterkt utfordra, med mine haldningar og mine verdiar, med mitt pedagogiske grunnsyn om ein vil. Eg står i spenninga mellom teori, metode og meg sjølv som

person i forskingsprosessen. Mi evne til å sjå nyansane og kompleksiteten i datamaterialet blir derfor avgjerande for mitt bidrag til kunnskapen om rettleiing i praksisopplæringa.

Litteratur

Aarø, Leif Edvard 2004. *Fra spørreskjemakonstruksjon til multivariat analyse av data – En innføring i survey-metoden*. HEMIL-senteret, Universitetet i Bergen.

Gilje, Nils og Grimen, Harald 1995. *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger*. Universitetsforlaget 1995.

Hammersley, Martin og Atkinson, Paul 1996. *Feltmetodikk. Grunnlaget for feltarbeid og feltforskning*. Ad Notam

Henriksen, Jan-Olav 1997. *Grobunn for moral. Om å være moralsk subjekt i en postmoderne tid*. Høyskoleforlaget.

Kunnskapsforlaget 1989. *Fremmedordbok*.

Kvale, Steinar 2001. *Det kvalitative forskningsintervju*. Ad Notam Gyldendal.

Popper, Karl 1981. «Bøtten og søkelyset: to kunnskapsteorier», i *Fornuft og rimelighet som tenkemåte*, Dreyer. s. 61-88, i utdrag: s. 61-70.

Smith, Mark J. 1998. *Social science in question*. The Open University. Sage